

Beitevandringer i utmarka - bli med Forsøksringen på tur! August 2008.

Forsøksringen Hordaland inviterar til markdagar i utmarksbeite. Vi får med oss fagfolk med innlegg om ulike tema knytt til beiting i utmark.

Beitevandringerne er i samarbeid med lokale beitelag. Vi får høyre erfaringar med beitebruken og diskutere idèar.



Utmarka er ein viktig ressurs i drifta. Fleire tiltak kan gjerast for å få betre bruk av beita og få best mogleg økonomi i å nytte utmarka. I takt med aukande attgroing blir det meir problem med flott og flogemakk. Det er viktig å vite kva som skal til for å førebygge tap. Med vurdering av vegetasjon og beite kvalitet kan ein vidare finne ut om beitepresset er bra, eller om ein til dømes bør få fleire dyr med i beitelaget. Slik kan ein få betre beite kvalitet. Ein kan òg bruke saltstein og målretta rydding for å få dyra til å beite meir på dei mest næringsrike områda. Eit godt driftsopplegg må vere tilpassa marknaden. Kan hende kan tidlegare sanking om hausten vurderast, særleg viss beite kvaliteten blir så dårleg at tilveksten stoppar opp.

Fredag 22. august kl 1600-2100: Austevoll og Fitjarøyene

– Utegangarsau. Oppmøte hjå John Inge Vik, Vestre Vinnesvåg. Båt til Heggøy/Torsdagsøy. Tema: Kva skal til for at opplegg med utegangarsau skal lukkast med både kjøtproduksjon og skjøtsel av lynchheiane.

1. Mitt driftsopplegg med utegangarsau v/ John Inge Vik
2. Resultat frå prosjektet "Utegangarsau og kystlynghei" (tilvekst på lam, beite kvalitet og årsrytme i drifta) v/ Samson Øpstad, Bioforsk Fureneset
3. Dyrevelferd mtp tapsårsaker og førebygging av tap, og spesielt om problematikken rundt flott, flogemakk og innvollsnyltarar v/Mattilsynet.
4. Marknad for "villsaulam" og verdien av eit godt driftsopplegg på utegangarsau v/Fatland AS

Matøkt med grilling (Fatland spanderer grillmaten)



Sjå neste side!

Laurdag 23. august kl 10.00-16.00: Unneland, Bergen kommune

– Utmarksbeite sau. Oppmøte v/Osevann, sankehegna.

1. Vår beitedrift v/ Stein Åge Hopsdal (Unneland og Fjellgardane sankelag).
2. Vandring i utmarksbeitet der me ser på vegetasjonstypar, botaniserer og vurderer beitekvalitet v/Astrid Sandvik, Forsøksringen Sogn og Fjordane.
3. Dyrevelferd mtp tapsårsaker og førebygging av tap, og spesielt om problematikken rundt flott, flogemakk og innvollsnyltarar v/Mattilsynet.
4. Marknad for lam og verdien av eit godt driftsopplegg med tanke på å nytte utmarksressursane v/Nortura.

Matøkt med grilling (Nortura spanderer grillmaten)

Søndag 24. august kl 10.00-16.00: Eksingedalen

– Utmarksbeite sau. Oppmøte v/Beinhelleren: avkøyring frå Trefall, anleggsveg opp Norddalen.

1. Vår beitedrift v/Eksingedalen beitelag.

Elles same program som Unneland, sjå over.

Søndag 31. august kl 10.00-16.00: Tørvikbygd

– utmarksbeite sau, geit og storfe. Oppmøte på Tørvikbygd ferjekai. Vi går truleg frå Tveita.

1. Vår beitedrift v/ Sverre Måkestad (Sørsida beitelag, rode Tørvikbygd).
2. Vandring i utmarksbeitet der me ser på vegetasjonstypar, botaniserer og vurderer beitekvalitet v/Astrid Sandvik, Forsøksringen Sogn og Fjordane.
3. Attgroing og tiltak for å opne opp v/Forsøksringen.
4. Dyrevelferd mtp tapsårsaker og førebygging av tap, og spesielt om problematikken rundt flott, flogemakk og innvollsnyltarar v/Mattilsynet.
5. Marknad for lam og verdien av eit godt driftsopplegg med tanke på å nytte utmarksressursane v/Nortura.

Matøkt med grilling på geitestølen til Lars Tyssebotn (Nortura spanderer grillmaten).

